



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) 29.01.2025 1000-1200 digitalt

Tilstades representantar

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Hallvard Valland
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Alexander Nitter
Kvam herad	Vegard Eide Aase - avtroppande leiar HU
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Najma Abdi Jama
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Isak Bayati
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Emma Saathof
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Hedda Halstensgård

Ikkje tilstades representantar

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Eivind Bu
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Anders Myklatun Hole
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Håkon Skjoldli
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Øyunn Finne Marø

Kontaktpersonar

Eidfjord kommune	Ordførar Eidfjord kommune/Rådsordførar i Hardanger Timo Knoch
Ulvik herad	Tor Schei Hellesnes
Ullensvang kommune	Linn Østerbø
Hardangerrådet iks	Ann Irene Myrheim, dagleg leiar og Trude Lægreid Rinaldo

Innleiing:

Presentasjonsrunde med ny dagleg leiar

SAKLISTE:

HU-sak 01/25

Konstituering

Vedtak

HU utset valg av leiar til neste møte og konstituerar einstemmig Alexander Nitter, Kvam ungdomsråd til leiar fram til nytt valg.

Isak Bayati, Emma Saathof og Hedda Halstensgård er valgt til valnemnd, og skal finna representantar til neste møte.

HU-sak 02/25

Opplæringskonferansen 2025 i Kvam

Opplæringskonferansen 2025 har debatt som overskrift.

Innspel til tema

- Arbeidsliv og arbeidslivsmuligheter : portal for ungivest - kan ein invitera NHO vestland til å prata om det - lettare for unge å få jobb.
- utenforskap - føredrag;
- korleis ungdom kan ta opp og bera fram eigne saker i råda sine
- Erasmus + felles internasjonalt prosjekt
- Rekruttering: Kva er viktig for ungdom med tanke på å flytta tilbake til Hardanger og busetja seg her.
- Fjernarbeidsplassar: No kan ein bu i distriktet og ha kompetansearbeidsplass

Tema ein vil bruka i debattopplæringa er:

- Kva jobb kan de ha, men likevel bu i Hardanger?
- Kva meiner ungdom kommunane kan tilrettelegga for at dei kjem tilbake
- Jobbtildbud/tilbakeflytting?
- Moglegheiter med fjernjobbing?
- Utviklinga av struktur for vgs i framtida
- KS debatthefte: forventingsskapet til kommunane og kva er mogleg å innfri?
- Tematilrettelegging for fritid og aktivitet: f.eks tilrettelegging av "leiga/låne utstyr" Korleis løyser ein dette i dei ulike kommunane?
- Lekser - kva seier lova og korleis vert dette praktisert i dei andre kommunane?
- Løft blikket litt og slamre litt med dørene. Korleis vert demokratiet og kvardagen vår påverka av det internasjonale bilde i dag

→ Oppgåve til alle råda før neste HU møte 4.3.2025:

Alle ungdomsråda diskuterar kva dei ønskjer av debatttema før neste møte.

Fordeling av oppgåver:

Debatttema:	Diskuter i eigne rådsmøter før neste HU møte . Alle ansvar
Kurshaldar:	Isak Bayati inviterar Svein Olav Langåker til å halda debattkurs.
Hotell:	Trude bestiller på Thon hotel Sandven
Paneldebatt:	Ønsker politisk representasjon. Alle har ansvar
Program:	Tar utgangspunkt i siste program og byggjer på det
Bli kjent leiar:	Ikkje avklara kven som har ansvar

HU-sak 03/25

Invitasjon til å sei noko på Hardingtinget 2025

13.02.25 er det Hardingting i Norheimsund. Hardingtinget er eit møte der dei 4 formannskapa i Hardangerkommunane samlast, saman med rådmenna og andre frå administrasjonane. Hardanger og Voss ungdomsråd er også invitert til å delta med sine representantar.

Vedtak:

Hallvard Valland Norheim og Alexander Nitter tek på seg å halda innlegg på Hardingtinget 2025 i Norheimsund . Dei avtalar eit planleggingsmøte med sekretariatet snarast.

HU-sak 04/25

Nytt frå kvart ungdomsråd

Ullenvang

Rangering av søknader frå Ullensvang - tilskotsordning hos Bufdir.

Representantar skal på ungdomstinget på Flesland i mars

Innspel til Ungdomskonferansen

Har neste møte 03.03.2025

Ulvik:

Jobbar med kunstgrasbane, og skal skriva lesarinnlegg om kvifor dei bør få det.

Det er mange cruiseanløp i Ulvik, og då har ungdomen lyst å få koma ombord og få informasjon om dei. Skulle dette vere eit organisert prosjekt i HU eller berre i Ulvik?

Kommentar: I Eidfjord har kommunestyre mange gonger fått lignande invitasjonen, så dersom HU ønskjer kan rådsordførar ta på seg å spørje om det for ungdomsrådet.

Kvam:

Arbeider med store saker, som eventuell nedlegging av Tørvikbygd skule og budsjettuttale til økonomien. Dei ber om at det ikkje vert kutta i ungdomstiltak. forslag til leksefri skule- dette var representantane
Dei er også utfordra på fordeling av økonomiske midlar frå Bufdir

HU-sak 05/25**Orienteringssaker/Ymse**

1. Oppmodar om at innlegg som skal haldast på Hardingtinget 205, også vert presentert på Opplæringskonferansen 2025.
2. Kvam ungdomsråd kjem til å senda inn uttale der ein ber om at fråvær skal ut av vitnemålet. Dei spør om Hardanger og Voss ungdomsråd vil støtte ein slik uttale?
Svar: HU vil støtte ein slik uttale, og ber om at Kvam ungdomsråd å senda forslag vidare til rådet.
3. Hardangerrådet v/dagleg leiar ber at ein slik uttale også vert sendt til Hardangerrådet, så tilbyr dei seg også å signera.

Kinsarvik 29.01.2025

Referat v/ Trude Rinaldo